



Anders Lohne Tverfjell  
Mykingvegen 773  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19384 - 21/26856

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no


Dato:  
21.04.2021

## Landbrukssak gbnr 29/3 m.fl Hauge - Svar på innsendte kommentarar.

Me synar til innsendte merknadar/klagar som er komen inn i samband med løyve til bygging av landbruksveg sendt ut i desember 2020. Merknadar og klagar vert i hovudpunkt besvart i skjema under.

### Om saka

Då vegen til haugsneset blei søkt om i 2006 av formann i Haugsneset skogsvegforeining blei både søknad om veg og tilskot handsama av kommunen og tilskot er utbetalt til bygging av vegen. Dessverre fant ikkje kommunen igjen vedtaket når ferdiggodkjenninga av vegen skulle utførast og endringsmelding handsamast. Vedtaket som blei sendt ut tok då for seg heile traseen som blei sendt inn i 2006 sjølv med eigedommen 29/7 som då var eit uoppgjort dødsbu. Det var då sjølvsagt mogleg at vegen ikkje kunne byggast på den eigedommen utan løyve frå bustyrar/nye eigarar. Vedtaket tok heller ikkje stilling til traseendring som har komen inn i seinare tid. Sjå bilde under med trase frå søknaden frå 2006.



Opprinneleg trase 2006.


### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I samband med sluttgodkjenning av vegen blei endringsmelding levert kommunen for å kunne godkjenne ferdig bygd trase.



Ferdiggodkjent trase. Rød linje.

Hausten 2020 blei ny trase godkjent frå der den førre vegen sluttar, utanom gbnr 29/7, og fram til gardsbruket til på 29/2.



### **Handsaming av søknad om landbruksveg**

Alver kommune handsamar søknader om landbruksveg etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar*

Føremålet med forskrifta er:

Å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglege helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen jf § 1.

Dei som ynskjer å søkja om å få bygga landbruksveg må nytta søknadsskjema fastsett av landbruksdirektoratet og det skal leggjast ved kart. Dei som vert berørt av vegen skal vera underretta på førehand.

§ 3.1 Før vedtak fattes, skal kommunen innhente de uttalelser som er nødvendige, jf. § 1-1, og ellers sørge for at saken er så godt opplyst som mulig.

Søknaden vert difor sendt på høyring til mellom andre kulturminnemynde og fylkesmannen/statsforvaltar.

§ 3.2 Saker som behandles etter denne forskriften skal undergis landbruksfaglige og miljøfaglige vurderinger, jf. § 1-1, og hvor det blant annet skal legges vekt på

a) helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrenser,


b) konsekvenser som bygging, ombygging og bruk av veien vil ha for miljøverdier,

c) faren for flom, erosjon og løsmasseskred.

Når saka er ferdig førebudd kan kommunen gjera vedtak som godkjenner vegen, setja vilkår for godkjenning eller avslå søknaden jf § 3.2

Som det går fram av lovteksten er det omsynet til at det vert ei god løysing for landbruket og eventuelle andre føremål som vert vektlagt, og i tillegg ei grundig vurdering om kor vidt det er kultur- eller miljøverdier som kan verta råka av vegenlegget. Tryggleik i høve til flaum m.m. er og eit moment.

Dato	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/klager	Kommentar
14.01.2021 Nr 1	Harris Advokatfirma As	Korleis og kvifor avgjer kommunen søknad frå 2006 i 2020?	Kommunen har handsama søknaden om landbruksveg i 2006. Det er og løyvd tilskot til vegen i 2006. Dessverre fant ikkje kommunen igjen vedtaket som blei gjort og det vart difor fatta eit nytt vedtak i desember 2020. Vedtaket kunne ha opplyst situasjonen betre for å unngå misforståingar. Alver kommune gjer merksam på at vedtaket om bygging av landbruksveg ikkje inneber noko avklaring eller endring av private rettar knytt til annan manns grunn, og at dette er eit forhold som byggjer av landbruksvegen sjølv må innhente nødvendige rettar til.
17.01.2021 Nr 1	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Pel 0 skal stå der den stod frå gammalt av og ikkje der kommunen har plassert den. Kvar startar og sluttar traseen?	Sjå bilde med opprinneleg trase frå 2006. Bilde under viser vegen som er ferdiggodkjent med PEL0 som i søknaden frå 2006.

			
Nr 2	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Ynskjer grunngeving for utvida avkøyrslø til fylkesveg	Kommunen har ikkje noko med avkøyrslø frå fylkesveg. Spørsmål om avkøyrslø må rettast til Vestland fylkeskommune.
Nr 3	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Korleis kan ein søka om og få godkjent veg utan å informera grunneigarar og få godkjenning av veg på annan manns grunn.	Ved stiftinga av Haugsneset Skogsvegforening i 2006 gjekk grunneigarar av 29/1,2,3,4 og 5 og 30/2 inn for bygging av veg. Kenneth Manger blei vakt som formann for vegbygginga og kommunen har difor forholdt seg til han i saka.
Nr 4	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Manglande vegrett	Kommunen har dessverre ikkje noko med privatrettslege rettar. Vegrettar føljer eigedommen og ikkje enkeltpersonar, sjølv ved eigarskifte. Alver kommune skal ved handsaming av landbruksvegar vurdere om søknaden stettar krava i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, dei offentleg rettslege sidene av saka. Vedtak om bygging av landbruksveg inneber ingen avklaring eller rettar i bruk av annan eigedom. Dette er forhold som søkjar/byggherre av vegen sjølv må avklare og innhente dei naudsynte private rettane som bygging av landbruksvegen krev.
Nr 5	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Kvifor blir søknaden frå 2006 handsama i 2020 utan å ta hensyn til utdaterte opplysningar?	Søknaden frå 2006 blei handsama i 2006 og lagt inn i ØKS, sakssystemet for landbruksveg og tilskot. Dessverre finn ein ikkje att vedtaket gjort av kommunen. Søknad om utbetaling av tilskot til

			bygging av vegen blei signert og tilskot løyvd. Vegsøknaden er på det vis og handsama i 2006.
Nr 6	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Ut frå lovdata er søknaden/saken foreldet jamf. Paragraf 21 i «lov om foreldelse av fordringar»	Lov om foreldelse av fordringar gjeld ikkje søknad om bygging av landbruksvegar.
Nr 7	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Spørsmål ang gårds og bruks nummer 29/7.	Omsøkt veg frå 2006 vil ikkje gå lenger enn til Haugsvika og vil ikkje gå over eigedommen 29/7. Vedtaket som blei sendt ut i desember tok for seg heile traseen som blei sendt inn i 2006 sjølv med eigedommen 29/7 som då var eit uoppgjort dødsbu. Det var då sjølv sagt mogleg at vegen ikkje kunne byggast på den eigedommen utan løyve frå bustyrar/nye eigarar.
Nr 8	Kari Hauge Johnsen, Jarle Solberg, Elisabeth Tverfjell, Anders Lohne Tverfjell	Kvifor vil kommunen og Kenneth Manger omdisponerer tømmervegen til landbruksveg?	Tømmerveg/landbruksveg er per definisjon det same. Dagens terminologi er «Landbruksveg» og gjeld for uttak av skog eller tilkomst til landbruksinteresser. I søknaden frå 2006 er interessene i vegen fordelt 50%skogbruk, 10%jordbruk og 40%bosetting. Altså skulle vegen gje tilkomst til hus/hytter/gardsbruk i tillegg til skogsinteresser. Dette er i tråd med forskrifta.
18.01.2021 Nr 1	Jorunn Sætre	Det er ikkje gitt løyve til veg over gbnr 29/7. Dårleg informasjon frå kommunen om vedtaket.	Omsøkt veg frå 2006 vil ikkje gå lenger enn til Haugsvika og vil ikkje gå over 29/7. Vedtaket som blei sendt ut i desember tok for seg heile traseen som blei sendt inn i 2006 sjølv med eigedommen 29/7 som då var eit uoppgjort dødsbu. Det var då sjølv sagt mogleg at vegen ikkje kunne byggast på den eigedommen utan løyve frå bustyrar/nye eigarar.
Nr 3		Kvifor er vedtak gjort no i 2020 på ein søknad frå 2006	Søknaden frå 2006 blei handsama i 2006 og lagt inn i ØKS, sakssystemet for landbruksveg og tilskot. Dessverre finn ein ikkje att vedtaket gjort av kommunen. Søknad om utbetaling av tilskot til bygging av vegen blei signert og tilskot løyvd. Vegsøknaden er på det vis og handsama i 2006.
28.05.2021 Nr 1	Rita Hauge, Svenn Hauge, Elisabeth Tverfjell, Anders	Pel 0 skal stå der den er satt frå gammalt av. Altså 604meter fra	Sjå tidlegare kommentar om plassering.

	Tverfjell, Kari Johnsen, Jarle Solberg	fellesplass.	
Nr 2		Kenneth Manger har ikke veirett fra Pel 0 og videre mot Haugsvika.	Alver kommune skal ved handsaming av landbruksvegar vurdere om søknaden stettar krava i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, dei offentleg rettslege sidene av saka. Vedtak om bygging av landbruksveg inneber ingen avklaring eller rettar i bruk av annan eigedom. Dette er forhold som søkjar/byggherre av vegen sjølv må avklare og innhente dei naudsynte private rettane som bygging av landbruksvegen krev.

#### **Privatrettslege forhold:**

Alver kommune skal ved handsaming av landbruksvegar vurdere om søknaden stettar krava i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, dei offentleg rettslege sidene av saka. Vedtak om bygging av landbruksveg inneber ingen avklaring eller rettar i bruk av annan eigedom. Dette er forhold som søkjar/byggherre av vegen sjølv må avklare og innhente dei naudsynte private rettane som bygging av landbruksvegen krev.

#### **Klage**

Dersom ein ynskjer å halda fram med klaga bed me om at det vert grunngjeve nærare kva det vert klaga på og kva endringar ein ynskjer. Heldt ein fram med klaga vert saka handsama vidare av Miljø og tilsynsavdelinga i Alver kommune som klargjer saka før den vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland.

#### **Frist for skrifleg tilbakemelding vert satt til 31.07.**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Oversiktskart\_del2\_1\_1250  
5. Søknad om bygging av landbruksveg 2006  
6. Søknad tilskudd 2006  
8. Stifting av Haugsneset Skogsvegforening  
Klage på vedtak av landbruksveg på gbnr 29\_3 m\_fl Hauge  
Merknad til sak - ønske om avklaring - gbnr 29\_2, 29\_3, 29\_7 og 29\_9 Hauge  
Merknader til sak - gbnr 29\_3 m fleir Hauge - landbruksveg Haugsneset  
Vedr løyve til bygging av landbruksveg på gbnr 29\_3 m fl Hauge  
Vedrørende sak 20\_19384  
Vegen til Haugsneset

**Mottakarar:**

Anders Lohne Tverfjell	Mykingvegen 773	5913	EIKANGERVÅG
Elisabeth Synnøve Lohne Tverfjell	Mykingvegen 773	5913	EIKANGERVÅG
Jarle Birkaas Solberg	Mykingvegen 777	5913	EIKANGERVÅG
Jorun Sætre			
Kari Hauge Johnsen	Mykingvegen 777	5913	EIKANGERVÅG
Kenneth Manger	Mykingvegen 771 A	5913	EIKANGERVÅG
Svenn Hauge			